

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
032/16	Formannskapet	PS	17.03.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FA - Q22	16/204

Utbyggingsavtale fortau og busslomme - Toftegård

Vedlegg:

Busslomme langs fylkesvegen

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vil dekke 60 % av utbyggingskostnader for dette anlegget, kr. 480.180,-

Utbetaling av anleggsbidrag vert ikkje utbetalt før underskriven utbyggingsavtale føreligg. Det er i forslaget til budsjett Note 10 satt av kr 500.000,- til trafikksikring , prosjektnr. 033511.

Rådmannen utarbeidar utbyggingsavtale.

Formannskapet - 032/16 - 17.03.2016

FS - behandling:

Det var synfaring i saka der fylgjande deltok:

Frå Austrheim formannskap: Per Lerøy, Anne Dahle Austrheim, Siri Kaland, Jan Erik Espelid , Jorund Stellberg og Reidar Øksnes

Frå administrasjonen: Asbjørn Toft og Jan Olav Osen

Framlegg frå Jorund Stellberg(H):

Rådmannen vert bedt om å utarbeide regelverk for korleis anleggsbidrag skal nyttast i Austrheim kommune.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegg frå Jorund Stellberg vart samrøystes vedteke.

FS vedtak:

Austrheim kommunestyre vil dekke 60 % av utbyggingskostnader for dette anlegget, kr. 480.180,-

Utbetaling av anleggsbidrag vert ikkje utbetalt før underskriven utbyggingsavtale føreligg.
Anleggsbidrage vert finansiert ved avsatte midler til trafikksikring med kr 500.000,- i 2015.

Rådmannen utarbeidar utbyggingsavtale.

Rådmannen vert bedt om å utarbeide regelverk for korleis anleggsbidra skal nyttast i Austrheim kommune.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vidar Mjøs søker på vegne av Odd Haugen om anleggsbidrag og refusjon av mva for arbeidet med busslommer med fortau langs fylkesvegen i samsvar med reguleringsplanen for Søre Neset bustadfelt. Her er det eit rekkefølgjekrav for utbygging av bustader i feltet at ny busslomme med fortau skal byggast. Busslommene og fortau vil inngå i gangvegprosjektet Mastrevik – Kjelstraumen.

I søknad datert 11.02.2016 søker Vidar Mjøs på vegne av Odd Haugen om anleggsbidrag ihht. gjeldene regler.

Rådmannen si haldning i denne saka er at eventuelle tilskot som skal knytast til kostnaden med offentlig infrastruktur, må fastsettast gjennom utbyggingsavtale. Det er viktig at avtalen er utarbeid slik at fordelingsprinsipp og kostnader er kjende og kan takast stilling til, før utbygging vert sett i gang. Kommunen kan dekke ein del av kostnadene på ytre anlegg. I avtale om tilsvarande utbygging har kommunen dekkja 60% av kostnadene med ytre anlegg.

Dette er såleis det grunnlaget Austrheim kommune har lagt til grunn for i handsaming av søknader om anleggsbidrag.

Det bør vera ei målsetjing at søknader blir handsama likt for alle utbyggarar.

Vurdering

Reglar for refusjon av mva tilseier at dersom ein har avtale med kommunen om overtaking av infrastruktur og arbeidet med det, kan kommunen få tilbake mva på dette arbeidet. Kommunen kan så avgjera om kommunen skal halda på mva sjølv eller tilbakebetala til utbyggar. Her er utbyggar MVA registrert og kan sjølv søkja om mva refusjon.

I tillegg kan kommunen avgjera om dette tiltaket skal bli omfatta av ein utbyggingsavtale. Kommunen kan og avklara om dette arbeidet skal kunna gjevast anleggsbidrag for.

Vurdering av dei ulike prosjekta og summene i søknaden.

1. Busslomme og fortau.

Ein tolkar busslomme og fortau inn under avtalen .

Kostnad kr 800.300,- eks mva.

Folkehelse

Tiltak som tilrettelegg for gående er god folkehelse.

Miljø

Utbygginga og traceval vert utført på ein skånsam måte.

Økonomi

Det er i forslaget til budsjett Note 10 satt av kr 500.000,- til trafikksikring , prosjektnr. 033511.

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vil dekke kr 480.180 som er 60% av kr 800.300,- for dette anlegget.

I forslaget til budsjett Note 10 er det satt av kr 500.000,- til trafikksikring , prosjektnr. 033511.

Utbetaling av anleggsbidrag vert ikkje utbetalt før underskriven utbyggingsavtale føreligg. Det er i forslaget til budsjett Note 10 satt av kr 500.000,- til trafikksikring , prosjektnr. 033511.

Rådmannen utarbeidar utbyggingsavtale.